



Heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1956 - 15/904

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

15.01.2015

Informasjon om karakterkortet.

Til lykke med det første karakterkortet. Eg håper alle kan seie seg nøgd med resultatane sine så langt.

Som de ser av karakterkortet, manglar det karakter i kunst og handverk. Det skuldast at nokre elevar i 8.klasse enno ikkje har hatt faget kunst og handverk. Forklaringa på det er at dette faget er delt i tre periodar og nokre elevar er enno ikkje komne til sin periode med kunst og handverk. Så langt i året har desse elevane hatt idrettsfag og naturfag.

Frå styresmaktene si side er det sett av eit visst tal timar elevane skal ha pr. år i dei ulike faga. Dette vert summert slik at til saman skal elevane ha fått opplæring i dei ulike faga i eit visst timetal over 3 år. Skulen har teke utgangpunkt i dette talet og fordelt opplæringa slik at elevane samla får den opplæringa dei skal ha etter planane.

Eg håper dette er forståeleg. Elevane får karakter i faget kunst og handverk ved neste termin (sommaren).

Ostereidet, 15.01.15

Med venleg helsing

Arne Riisnes, rektor

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Heimane